



Utval:	<b>Kommunestyret</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund Sjukeheim
Dato:	19.02.2009
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekreter på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

**SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkivsaknr</b>
PS 09/1	Underskrift	
PS 09/2	Godkjenning av protokoll	
PS 09/3	Referatsaker Orienteringssaker Open post	
PS 09/4	Kommuneplan for Midsund – rullering samfunnsdelen 2010-2020	2009/59
PS 09/5	Tilskot til vedlikehald og rehabilitering i kommunar – prioritering av tiltak	2009/62
PS 09/6	Salg av ”Antonbua” – Framdrift	2008/442
PS 09/7	Eigedomsskatt i Midsund kommune	2009/60
PS 09/8	Sal av tomt ved Jutulskaret på Raknes - areal ca 1600 m2 - Gnr 59 Bnr 45	2008/428
PS 09/9	Fastsetting godtgjersle ordførar	2009/61
PS 09/10	Fritak frå vervet som meddommar i lagmannsretten – Janne Merete Blø Risvik	2009/8
PS 09/11	Eigenbetaling for korttidsplass. Dag-eller nattophald samt langtidsplass ved institusjonen- 2009	2009/39

Midsund,12.02.2009

Helge Orten  
ordførar

Gunn Hole  
sekretær

**PS 09/1 Underskrift**

**PS 09/2 Godkjenning av protokoll**

## **PS 09/3 Referatsaker**

**Frå Midsund kommune og Midsund Næringslag:** Dialogmøte mellom kommune og næringsliv. Prenta.

**Frå ungdomsrådet:** Møteprotokoll 10.12.2008 og 21.01.2009. Prenta

**Frå kontrollutvalet:** Møtebok frå 21.01.2009. Prenta.

## **Orienteringssaker**

- Rekneskap 2008. Uprenta.
- Sal Midøy Skule. Uprenta.
- Anbud ambulansebåt. Prenta.
- Planlegging fellesmøte Aukra. Uprenta
- Møreaksen. Uprenta
- Reguleringsplan sentrum. Uprenta

## **Open post**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

**Arkivsak: 2009/59-1**

**Arkiv:**

**Saksbeh: Ann-Heidi Paulsen  
Orvik**

**Dato: 26.01.2009**

**Saksframlegg**

**Kommuneplan for Midsund 2010-2022 – oppstart og høyring forslag til planprogram**

<b>Utvalsak</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
	Eldrerådet	
09/2	Kommunalt råd for funksjonshemma	09.02.2009
09/11	Ungdomsrådet	11.02.2009
09/8	Formannskapet	10.02.2009
09/4	Kommunestyret	19.02.2009

**Forslag til vedtak:**

1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannens opplegg for innhald, organisering og framdrift for rullering av Kommuneplan sin samfunnsdel 2010-2020.
2. Forslag til Planprogram for kommuneplan for Midsund 2010-2020 leggjust ut til offentlig høyring i perioden 19.02.- 06.04.2009.

**Behandling i Kommunalt råd for funksjonshemma - 09.02.2009**

Rådmann Geir J. Göncz orienterte om Kommuneplan for Midsund 2010-2022 – oppstart og høyring forslag til planprogram.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Kommunalt råd for funksjonshemma - 09.02.2009**

1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannens opplegg for innhald, organisering og framdrift for rullering av Kommuneplan sin samfunnsdel 2010-2020.

2. Forslag til Planprogram for kommuneplan for Midsund 2010-2020 leggjast ut til offentlig høyring i perioden 19.02.- 06.04.2009.

### **Behandling i Ungdomsrådet - 11.02.2009**

Ungdomsrådet gikk gjennom forslag til planprogram. Leiar Kai Julian Hagset kom med følgjande forslag.

Midsund Ungdomsråd sluttar seg til Rådmannen sitt opplegg for kommuneplanprosessen, med følgjande oppmoding:

Midsund Ungdomsråd ønskjer at Rådmann legg til rette for bruk av medium som ungdom nyttar i arbeidet med kommuneplana, som td. Facebook. Midsund Ungdomsråd vil ta initiativ og vere til hjelp med slik aktivitet.

Forslaget vart stemt over, og einstemming vedtatt.

### **Vedtak i Ungdomsrådet - 11.02.2009**

Midsund Ungdomsråd sluttar seg til Rådmannen sitt opplegg for kommuneplanprosessen, med følgjande oppmoding:

Midsund Ungdomsråd ønskjer at Rådmann legg til rette for bruk av medium som ungdom nyttar i arbeidet med kommuneplana, som td. Facebook. Midsund Ungdomsråd vil ta initiativ og vere til hjelp med slik aktivitet.

### **Behandling i Formannskapet - 10.02.2009**

Samrøystes som forslag til vedtak.

### **Vedtak i Formannskapet - 10.02.2009**

1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannens opplegg for innhald, organisering og framdrift for rullering av Kommuneplan sin samfunnsdel 2010-2020.
2. Forslag til Planprogram for kommuneplan for Midsund 2010-2020 leggjast ut til offentlig høyring i perioden 19.02. – 06.04.2009.

## **Saksutgreiing:**

Kommuneplan for Midsund kommune skal reviderast.

Gjeldande Kommuneplan for Midsund vart vedteke 1989, og skulle gjelde perioden 1989 til år 2000.

Sidan 1989 har endringar i samfunns- og næringsutviklinga lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt gitt lokalsamfunnet nye og endra utfordringar. I perioden etter sist plan har befolkningsutviklinga vore negativ, og rammevilkåra for næringslivet innan m.a. mekanisk industri, landbruk, fiske og oppdrett har endra seg mykje. Det same har befolkninga i form av t.d. fleire med høgare levealder og større omsorgsbehov, endring i utdanningsbakgrunn, mindre slekt tilhøyre og forankring i lokalsamfunnet. Innvandring frå andre stader i landet og utlandet er aukande, og har demma opp for flyttestraumen ut av kommunen. Nye innbyggjarar og deira mangfaldige bakgrunn gjev endra og nye forventningar til kommunen som tenesteproducent og lokalsamfunn.

Vi veit at kommunen står ovanfor store utfordringar i tiåra som kommer. "Eldrebølgen", endra velstand, sentralisering, endra rammevilkår for næringslivet og klima er nokre av desse utfordringane. Midsund kommune må justere mål og strategiar for å møte framtida.

## **Kva er kommuneplanen og eit planprogram?**

Kommuneplanen gir dei overordna politiske rammene for planlegging, forvaltning og utbygging i ein periode på 10-12 år. Kommuneplana består av ein strategidel - der kommunen sin visjon, overordna mål og satsingsområde går fram - og ein arealdel – som er ein juridisk bindande plan for forvaltninga av kommunens areal.

Kommuneplanen skal trekke opp visjonar og mål for kommunen både som samfunn, som mynde og som tenesteytar. Den vil vise trendar og konsekvensar av alternative utviklingsvegar, peike på behov på dei forskjellige samfunnsområda og korleis behova kan dekkjast. Den vil skissere strategiar og leggje grunnlag for viktige prioriteringar og bruk av verkemiddel. Først og fremst vil dette vere ein plan for Midsund kommune som eigen organisasjon, men har og ambisjon om å vere ein plan for alle aktørane i Midsund-samfunnet.

Formålet med utarbeiding av ny kommuneplan er:

- sjå moglegheiter, setje mål, prioritere innsats og skape utvikling
- vurdere konsekvensane av ulike samfunnsendringar for Midsund
- bestemme visjon og mål for framtidig utvikling
- velje strategiar Midsund kommune skal ha for å møte framtida
- sikre engasjement, deltaking og debatt om lokale samfunnsspørsmål

I 2009 er det kommuneplanen sin strategidel som skal reviderast. Kommuneplanen sin gjeldande arealdel for perioden 1997-2006 er tenkt revidert i 2010.

I tråd med forskrift om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningsloven skal kommuneplanen starte opp med utarbeiding av eit **planprogram** som skal ut på høyring. Planprogrammet er meint som ein struktur for kommuneplanarbeidet som skal gjerer, og fortel om kva planlegginga skal handle om og korleis den skal gjennomførast.

## **RELEVANTE PLANER, UTGREIINGAR, PROSJEKT OG OMSYN**

I arbeidet med ny kommuneplan vil vi byggje på aktuelle rikspolitiske retningslinjer og stortingsmeldingar om ønska samfunnsutvikling i Noreg.

Av regionale planer vil Fylkesplan for Møre og Romsdal 2009-2012, og vedtekne planar og samarbeidsavtaler for regionalt samarbeid og samferdsel bli tatt omsyn til.

Det skal vere god samanheng mellom kommuneplanen og andre kommunale planar. Det er naturleg at det i løpet av planarbeidet vert vurdert om det er planar som bør gå ut som egne planar og i staden integrerast som ein del av kommuneplanen.

### **KORLEIS LEGGE OPP PLANARBEIDET**

Rådmannen ser for seg å ta utgangspunkt i gjeldande kommuneplan og dei overordna tema og mål i denne. Rådmannen ser det som lite tenelig om allereie no å sette opp ei liste over kva for tema og tilhøyrande drøftingsspørsmål kommuneplanen til slutt skal innehalde. Utveljinga av fokusområde og utfordringar vil skje gjennom ein invitasjon til innspel om dette. Generelt vil det vere naturleg at kommuneplanen vurderer tema som:

- busetting og bustadbygging
- næringsutvikling
- transportsystem
- miljø
- natur og friluftsliv
- kultur
- folkehelse
- tettstadsutvikling
- oppvekst og omsorg
- regionalisering

Det ligg føre mykje statistikk og informasjon om samfunnstilhøva i Midsund kommune. Arbeidet med kommuneplanen vil i hovudsak byggje på kjend informasjon. Det kan likevel vere naudsynt å skaffe til veie ny kunnskap eller nye analyse av kjend kunnskap for å gje eit betre grunnlag for avgjerd. Om det trengst utgreiingar vil bli nærare fastsett i løpet av planarbeidet. Område som det kan vere særleg aktuelt å vurdere er:

- befolkningsdata og –utvikling
- sysselsettingsendringar
- næringsetableringar

Om de i viktige hovudspørsmål eller på enkeltområde ligg føre tydelege alternative utviklingsretningar, bør planen gjøre rede for alternativ og gje ein årsak for val av retning/strategi.

Gjennom prosesser vil rådmann invitere til dialogmøte i grendene, høyringar, publisere innspel i lokalavisene og på kommunen si heimeside.

Det vil bli utarbeidet ein endeleg kommuneplan med ei prioritering av de viktigaste overordna mål for Midsund fram mot 2020. Resultat frå medverknadsprosess skal synleggjøre mulige satsingsområde.

For å framstå som kommunens prioriterte områder, bør tema som skal inngå i kommuneplanen sitt høringsutkast vere få, ”spissa”, ha eit langsiktig perspektiv, men også vere relevante for den neste fireårsperioden. Kommuneplanen skal vere ambisiøs. Det vil likevel vere viktig å

avgrense planen til å omfatte saksområde kor det er rimelig grad av lokal og kommunal påverkingshøve.

Kommunen kan ikkje løyse alle oppgåver åleine. Kommunestyret vil invitere næringsliv, frivillige lag og organisasjonar, utdanningsinstitusjonar, enkeltpersonar og andre til å samarbeide og gå i partnerskap med kommunen for å nå måla i plana.

Det vil bli tatt initiativ til å starte rullering av kommuneplana sin arealdel, når samfunnsdelen er politisk behandla i desember 2009. Det vil då bli utarbeid eit eige planprogram for kommuneplanen sin arealdel.

### **Organisering**

Rådmann vil gjere dei naudsynte omprioriteringar gjennom året av ressursar i stab og einingar til å gjennomføre prosessen utan innleie eller kjøp av tenester. Rådmann sikrar sjølv den naudsynte planfaglege kompetanse, og rådgjevar i stab er prosjektleiar. Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet.

Auka kostnader som følgje av formidling/ arrangering av oppstartsseminar og grendemøtar vil verte søkt dekt innanfor eksisterande rammer og søknad på skjønstilskot/ andre tilskot.

### **Medverknad**

Levande lokalsamfunn er avhengige av engasjement blant befolkninga. Eit levande demokrati er avhengig av medverknad frå innbyggjarane. Kommunen har ansvar for å løyse våre felles oppgåver – korleis kommunen skal løyse oppgåvene er eit felles ansvar.

Einskildpersonar og grupper skal gjevast høve til å delta aktivt i planprosessen. Planprogrammet, og seinare forslag til kommuneplan, skal sendast ut som eit "flygeblad" til alle husstandar i kommunen. Dette for å få til best mogleg offentlig informasjon og debatt.

Planprogrammet leggjast ut på høring i 6 veker frå 20.01.2009 til 06.04.09, slik at det er god tid til å kome med innspel og tilbakemeldingar på programmet for innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og andre myndigheiter.

Tiltak rådmann vil søke å nytte i arbeidet med ny kommuneplan er m.a:

- Utsending av "flygeblad" over planprogram og planutkast til alle husstandar
- innsamling og tolking av oppdatert statistikk for nærings- og samfunnsliv i Midsund
- utgreie konsekvensar av ulike samfunnsområde
- invitere til medverknad gjennom opne oppstartsmøte/ grendemøtar
- arbeidsmøte i kommunestyret om identifisering av vesentlege utfordringar, formulere visjon og overordna mål, og prioritere strategiar for å nå måla
- Oppstartsmøte med fokus på framtidsbilete i ulike scenario/ perspektiv
- Innbyggjarundersøking i samarbeid med Høgskulen i Molde
- Innspel og debatt i lokalaviser og på kommunen si heimeside
- Arrangement under MidsundFestivalen for å kome i kontakt med utflyttarar og moglege innflyttarar.

### **Tidsplan**

<b><u>Aktivitet</u></b>	<b><u>Ansvar</u></b>	<b><u>Tid i 2009</u></b>
Utarbeide Planprogram	Rådmann	Januar

Politisk behandling forslag planprogram	Kommunestyret	19.02.
Offentleg høyring forslag planprogram	Rådmann	20.02.-06.04
Vedtak planprogram	Kommunestyret	30.04
Utarbeide forslag til kommuneplan;	Rådmann	mai - september
Oppstartsseminar/ framtidsscenario	Rådmann	mai
Grendemøtar om ulike tema	Rådmann	mai - juni
Politisk behandling forslag til kommuneplan	Kommunestyret	september
Høyring	Rådmann	september -oktober
Vedtak kommuneplan	Kommunestyret	desember 2009

Geir J. Göncz  
Rådmann

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
rådgjevar



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/62-1  
Arkiv: 230  
Saksbeh: Geir J. Göncz  
Dato: 28.01.2009

**Saksframlegg**

**Tilskot til vedlikehald og rehabilitering i kommunar - prioritering av tiltak**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/4	Formannskapet	10.02.2009
09/5	Kommunestyret	19.02.2009

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune prioriterer følgjande tiltak (inkl. mva) knytt til tiltakspakke for kommunesektoren:

1. Tangenvegen – opprusting	kr. 561.000
2. Kommunehuset – maling	kr. 150.000
3. Otrøy kirke – maling	kr. 156.000
4. Otrøy kirke – skifte skifertak	kr. 375.000
5. Større bygg – ENØK	kr. 42.000
Sum	kr. 1.284.000

2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å realisere prosjekta

**Behandling i Formannskapet - 10.02.2009**

Magne Reiten (SP) fremma følgjande forslag:

*Redsuer beløpet til tiltak 1. Tangenvegen – opprusting fra kr 561.000,- til kr 536.000,-  
Redusere beløpet til tiltak 2. Kommunehuset – maling fra kr 150.000,- til 125.000,-*

*Leggje til et tiltak 6. Styrke generell vedlikehald kommunale vegar kr 50.000,-*

Forslaget fremma av Magne Reiten (SP) punkt 1. med endringar og punkt 2. blei samrøystes vedteke.

Ordførar Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

*Legge til et punkt 3.Framskynde investering asfaltering av kommunale vegar med kr 1.000.000,- fra 2010 til 2009.*

Forslaget fremma av Ordførar Helge Orten (H) ble vedteke mot ei stemme

### **Vedtak i Formannskapet - 10.02.2009**

1. Midsund Kommune prioriterer følgjande tiltak (inkl.mva) knytt til tiltakspakke for kommunesektoren:

1. Tangenvegen – opprusting	kr.	536.000,-
2. Kommunehuset – måling	kr.	125.000,-
3. Otrøy Kirke – maling	kr.	156.000,-
4. Otrøy Kirke – skifte skifertak	kr.	375.000,-
5. Større bygg – ENØK	kr.	42.000,-
6. Styre generell vedlikehald kommuale vegar	kr.	50.000,-
Sum	kr.	1.284.000,-

2. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å realisere prosjekta.
3. Framskynde investering asfaltering av kommunale vegar med kr 1.000.000,- fra 2010 til 2009.

### **Saksutgreiing:**

Regjeringa fremma 26. januar ein krisepakke med tiltak for arbeid. Forslaga frå regjeringa med ei samla ramme på 20 mrd kroner er i stor grad retta inn mot kommunesektoren. Det viktigaste einskildtiltaket er satsinga på vedlikehald og oppgradering av kommunal infrastruktur, m.a bygg. Tilskotspakken har i seg ei styrking av dei frie inntektene med 1,2 mrd kr, skattekompensasjon med 1,2 mrd kr og eit nytt øyremerka tilskot til vedlikehald på 4 mrd kr. Desse midlane er fordelt med eit spesifikt beløp til kvar kommune og fylkeskommune ut frå innbyggjartal.

Tala for Midsund kommune er:

- Vedlikehaldstilskot fordelt etter innbyggjartal:	1.281.000 kr
- Frie inntekter etter kostnadsnøkkelen	479.000 kr
- Skattekompensasjon	504.000 kr

Vedlikehaldstilskotet er eit eingongstilskot for 2009, og er meint å fullfinansiere kommunale vedlikehaldsprosjekt som kommer i tillegg til vedtatt budsjett for 2009. Tilskotet vert tildelt utan

søknadshandsaming, men kommunen skal rapportere om bruken til fylkesmannen. Midlar som eventuelt står ubrukt ved utgangen av 2009 må tilbakebetalast.

### **Vurdering**

Rådmannen har valt å trekke fram fleire prosjekt enn det er ramme til, jf . vedlagte notat om moglege vedlikehaldsprosjekt. Dette for å synleggjere ein bredde i aktuelle tiltak og gje kommunestyret eit breitt grunnlag for avgjerd.

I prioriteringa av tiltak har rådmannen lagt til grunn tiltak som kan gje rask sysselsettingseffekt og der lokale bedrifter kan stå for gjennomføring. I tillegg har rådmannen lagt vekt på lokalpolitiske signal om vegvedlikehald. Det har og vært naturleg å ta fram tiltak/prosjekt som tidligare har vært omtala og vurdert.

Geir J. Göncz  
Rådmann

### **Vedlegg (prenta):**

- Notat om moglege vedlikehaldsprosjekt pr januar 2009

### **Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2008/442-3  
Arkiv: 614  
Saksbeh: Geir J. Göncz  
Dato: 28.01.2009

**Saksframlegg**

**Sal av Antonbua gnr 48 bnr 7 - Framdrift**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/5	Formannskapet	10.02.2009
09/6	Kommunestyret	19.02.2009

**Forslag til vedtak:**

1. Sal av "Antonbua" settes i gang med grunnlag i vedtatt reguleringsplan for sentrum
2. Om det ikkje føreligg motsegn i samband med reguleringsplan for sentrum, vert det lagt opp til riving av bygninga og klargjøring av området før sal

**Behandling i Formannskapet - 10.02.2009**

Forslag fremma av Magne Reiten (SP) at teksten i punkt 1 omformulerast til :

1. *Sal av "Antonbua" settes i gang når reguleringsplan for sentrum er vedtatt.  
Punkt 2 går ut.*

Forslaget fremma av Magne Reiten (SP) blei vedteke mot ei stemme.

**Vedtak i Formannskapet - 10.02.2009**

1. Sal av "Antonbua" settes i gang når reguleringsplan for sentrum er vedtatt.

### **Saksutgreiing:**

Rådmannen viser til kommunestyresak 08/52, i møte den 11.09.08, om sal av Antonbua gnr 48 bnr. 7. Vedtaket lyder:

*”Kommunestyret godkjenner det skisserte opplegget for gjennomføring av sal av Antonbua gnr 48 bnr 7. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide salsvilkår iht skissert og ønsket utnyttelse av tomten og utlyse eigedommen for sal”.*

I samband med klargjering for sal er eigedomsmeklar kontakta med ønske om tilrådigar og om kva regleverk ein må ta omsyn til. Svar frå Møre Eiendomsmegling ligg vedlagt. Det vert konkludert med:

1. Salet er omfatta av EØS-reglar for offentleg sal av fast eigedom. Eigedommen kan ikkje omsettast lavere enn marknadstakst.
2. Kommunen står fritt til å sette klausular, så lenge dei ikkje er ekskluderande for nokre interessentar
3. Kommunen bør ferdigregulere området før sal eller gje bindande og klåre premiss for kva arealet kan nyttast til og når det vert klargjort for utvikling.
4. Verdien på eigedomen vert sannsynleg økt om ein riv bygningen før sal

### **Vurdering:**

Rådmannen legg vekt på vurderingane frå Møre Eiendomsmegling. Som det ligg i kommunestyret sin intensjonen knytt til kjøpet, jf. Sak 08/52, så er området/eigedommen sentralt i utviklinga av Midsund sentrum. Rammene for framtidig utvikling av Midsund sentrum vil skje gjennom reguleringsplan for sentrum. Planen har vært på offentleg høyring og det kom inn 25 merknader. Rådmannen vil legge opp til at planen vert lagt ut til 2. offentlege ettersyn i løpet av våren. Det vert lagt opp til at reguleringsplan for sentrum får eit endeleg politisk vedtak hausten 2009.

### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Det er innhenta pris for å engasjere eigedomsmeklar til salet. Prisen for ein slik teneste er stipulert til mellom kr. 45-65.000 + rundt kr 10.000 for annonsering.

Geir J. Göncz  
Rådmann

### **Vedlegg (prenta):**

Brev frå Møre Eiendomsmegling

### **Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/60-1  
Arkiv: 232  
Saksbeh: Geir J. Göncz  
Dato: 27.01.2009

**Saksframlegg**

**Eigedomsskatt i Midsund kommune**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/6	Formannskapet	10.02.2009
09/7	Kommunestyret	19.02.2009

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommunestyre tar rådmannen si utgreiing til vitande.
2. Midsund kommunestyre ber rådmannen om å legge fram ei sak for eit formelt grunnlag om ev. gjennomføring av eigedomsskatt.

**Behandling i Formannskapet - 10.02.2009**

Samrøystes som forslag til vedtak.

**Vedtak i Formannskapet - 10.02.2009**

1. Midsund kommunestyre tar rådmannen si utgreiing til vitande.
2. Midsund kommunestyre ber rådmannen om å leggje fram ei sak for eit formelt grunnlag om ev. gjennomføring av eiendomsskatt.

## **Saksutgreiing:**

Midsund kommunestyre vedtok i samband med sak 08/101, Budsjett 2009 og økonomiplan 2009-2012, den 18.12.08:

*”Kommunestyret ber om at konsekvensane ved innføring av eigedomsskatt blir utgreidd. Saka blir å legge fram til behandling i første halvdel 2009”*

## **Heimel**

Heimelen for innføring av eigedomsskatt er Lov om eigedomsskatt til kommunane av 6. juni 1975 nr. 29. Loven vart endra 16. juni 2006 nr 25.

Lova gjev reglar for:

- a. kvar det kan skrivast ut eigedomsskatt
- b. kva som er skattepliktig eigedom
- c. skattesatsar
- d. retningsliner for utskriving, administrative rutinar, oppgjer, innkrevjing m.m

I 2007 hadde 66% av kommunane i Noreg eigedomsskatt.

På Sunnmøre har 6 kommunar vurdert eigedomsskatt og lagt det vekk, dei andre har gjennomført eller vurderer eigedomsskatt. I Romsdal har, så langt rådmannen kan sjå, bare Molde og Rauma skatt på bustader og verker og bruk, mens Fræna, Aukra, Gjemnes og Nesset har skatt på verker og bruk.

## **ad a. Kvar**

Det er kommunestyret som avgjer om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen jf. lova § 2. Kommunane kan velje å innføre eigedomsskatt på fire forskjellige måtar:

- Bare på «verker og bruk».
- Bare i strøk «utbygd på byvis».
- I strøk «utbygd på byvis» og på «verker og bruk».
- I hele kommunen.

Tidlegare var det kun høve til å leggje skatt på bustadar i ”bymessige strok”, men ei endring i lova 16. juni 2006 nr 25, vart det gitt høve til skattlegge alle eigedommar.

Fritak for eigedomsskatt

§5 set krav om at ein del eigedommar skal fritakast frå eigedomsskatt. Det gjeld m.a:

- eigedommar som staten eig
- kyrkjer, kulturelle bygg,
- eigedommar som kommunen eig

Kommunen kan også heilt eller delvis frita ein del eigedommar for eigedomsskatt. Mest aktuelt er gardsbruk og skogsbruk, historiske bygg, bygning og grunn i visse deler av kommunen. Kompetansen til fritak er lagt til kommunestyret.

Fristen for å skrive ut eigedomsskatt er 1. mars i skatteåret. Ved første gangs innføring må takseringen være avslutta innan utgangen av juni. Ved innføring av bunnfrådrag er fristen 1. april.

## **Ad.b. Kva er skattepliktig eigedom**

Eigedomsskatt er skatt som betalast av verdien av fast eigedom. Det er eigdommen som er skatteobjektet. Eigarens økonomiske situasjon ut over eigedomens verdi har ikkje innverknad på utmålinga av skatten. Det er eit prinsipp om at alle skatteytarar skal behandlast likt.

### Verk og bruk

§ 4 om eigedomsskatt omhandlar kva som vert rekna som verker og bruk. Generelt vil næringsverksemdar som driv produksjon rekna som verker og bruk og må betale eigedomsskatt. Det er bygg og anlegg som skal reknast med i skattegrunnlaget, ikkje inventar og utstyr. Bygg og anlegg som er knytt til tenesteytande næringar, t.d. forretningar, vert ikkje rekna som verker og bruk. Jord og skogbruk er heller ikkje innanfor.

Rådmannen finn det ikkje riktig å endeleg definere kva verksemdar i Midsund kommune som kjem inn under "verker og bruk". Dette vil vere ei oppgåve for ei ev. takstnemnd. Det er likevel utarbeid ei førebels liste over aktuelle bedrifter for å kunne lage eit estimat over dei økonomiske konsekvensane.

### **Ad.c. Skattesatsar**

Det er verdien på takseringstidspunktet som skal leggjast til grunn for utskriving av eigedomsskatten. I denne verdien inngår ei vurdering av framtidig verdi av eigedomen.

Som utgangspunkt skal eigedomen sin omsetningsverdi leggjast til grunn for taksten. Det kan i nokre høve vere vanskeleg å bruke omsetningsverdi som grunnlag. Då kan ein leite etter svar i korleis dette vert løyst i praksis både frå domstolen og praktisk gjennomføring av takstar andre stader. Dette kan gje retningsliner for korleis taksten skal fastsetjast.

Det er kommunestyre som kvart år i samband med budsjettet fastset kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt. Hovudregelen er at første året med eigedomsskatt skal den ikkje vere meir enn 2 promille av takstgrunnlaget. Skatten kan seinare aukast med inntil 2 promille pr. år. Den maksimale satsen er 7 promille. Det er ingen ting i vegen for at skatteøret er likt/uendra over fleire år.

Loven stiller opp særreglar for gards- og skogbruk. Maksimalsatsar er i desse høva 4 promille og skatteøret kan ikkje aukast med meir enn 1 promille kvar år.

Gjennom rettspraksis har det etablert seg ein aksept for at kommunen kan sette taksten til ein viss del av den vurderte omsetningsverdien, utan at lova strengt tatt opnar for ein slik løysing. Det er å tilrå å sette takstgrunnlaget til omsetjingsverdien og heller regulere skatteøret til ein lågare skattesats. Grunnen til det er at om kommunestyret vedtek å sette taksten til dømes til 50 % av omsetningsverdi, vil det gjelde i 10 år framover.

Likningsverdien av ein eigedom som vert tillagt formuen er i prinsippet uavhengig av taksten som er grunnlag for eigedomsskatten. Eigedomsskattegrunnlaget er eigdommen sin objektive omsetningsverdi.

I praksis har dei fleste kommunane som har innført eigedomsskatt redusert verdien etter taksering, slik at verdien det skal skattast av til dømes kan vere 25% eller 50% av taksten. Ein søker gjennom dette at det ikkje skal bli urimelig om kva eigdommen faktisk kan omsettes for. Der det er skatt på bustader ligg skatten på kr 3000,- og oppover for ein "vanleg" bustad.

### **Takstnemnd**

Kommunestyre skal oppnemne ei takstnemnd. Det er denne som skal sette skattegrunnlaget. Alminneleg taksering skal skje kvart 10. år.

Det er vanleg at takstnemnda bruker takstmenn eller andre sakkundige i arbeidet, men det er takstnemnda som avgjer taksten.

Etter det rådmannen har fått opplyst frå andre kommunar vil taksering krevje mykje arbeid og kostnad første året. Erfaringstal kan tyde på at oppstartkostnaden med taksering vil ligge mellom kr 300.000,- og 600.000,-.

Takstarbeidet tek endel tid. Det vil ikkje vere realistisk å gjennomføre innføring av eigedomsskatt i 2009, då ein ikkje rekk taksering innan gitte fristar. Eigedomsskatten skal langt råd er vere utskrivne før 1. mars i skatteåret.

### **Økonomiske verknader**

Det er vanskeleg å kalkulere eksakt kva inntekter Midsund kommune vil kunne få ved innføring av eigedomsskatt. Mellom anna vil takstfastsetting, unntak og storleiken på bunnfrådråget på bustadeigedommar vere sentralt.

Ein kan sjå følgjande alternativ: (tal i 1000 kr)

	<u>År1</u>	<u>År2</u>	<u>År3</u>	<u>År4</u>
<b>Alternativ 1</b>				
Eigedomsskatt på verker og bruk	270	510	780	900
<b>Alternativ 2</b>				
Eigedomsskatt på alle bustader og verker og bruk	2370	4710	7000	8250

### Føresetnad:

Gardsbruk og fritidsbustader er ikkje tatt med.

Alt 1: Høvelegstal basert på prognose frå Vestnes kommune

Alt 2: 700 bustader. Gj. Snittlig verditakst bustad kr 1.500.000,-, 2 promille av takstgrunnlaget 1. året, auke med 2 promille kvart år, maks. promille 7.

Til frådrag kjem takseringskostnader første året.

I tillegg vil det vere behov for auka bemanning i kommuneadministrasjonen. Frå Aukra kommune vert det kalkulert til ca. kr 200 000,-.

### **Vurdering:**

Rådmannen ser innføring av eigedomsskatt som bortimot avgjerande for å oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet i Midsund kommune.

Midsund kommune er inne i ei svært vanskeleg økonomisk tid. Kommunen si drift har vore kutta over fleire år og det er store økonomiske utfordringar framover, med m.a. investeringar i ny sentralskule og nytt bufellesskap. Frå før har Midsund kommune av dei høgste lånegjelda per innbyggjar i Møre og Romsdal. Då blir det viktig å sjå på moglege nye inntektskjelder, som kan gå til finansiering av investeringar og drift. Fylkesmannen har ved fleire høve peika på at kommunane har eit ikkje utnytta inntektpotensiale i eigedomsskatt.

Rådmannen vil minne om at inntektene frå eigedomsskatten går 100% til kommunen til fri disposisjon, utan samordning med andre tilskottsordningar. Eigedomsskatten gir følgjelig stabile inntekter frå år til år.

Geir J. Göncz  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):**  
- lov om eigedomsskatt

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2008/428-8  
Arkiv: 59/45  
Saksbeh: Inge Rakvåg  
Dato: 28.01.2009

**Saksframlegg**

**Sal av tomt ved Jutulskaret på Raknes - areal ca 1600 m2 - Gnr 59 Bnr 45**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/10	Formannskapet	10.02.2009
09/8	Kommunestyret	19.02.2009

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune sel Gnr 59 Bnr 45, Bannstad på ca. 1600 m2 til Ole Rakvåg til ein pris på kr. 19.200,-.
2. Midsund kommune vil slette den tinglyste hefte på eigedomen før evt sal.
3. Rådmannen får fullmakt til å effektuere salet.

**Behandling i Formannskapet - 10.02.2009**

Samrøystes som forslag til vedtak.

**Vedtak i Formannskapet - 10.02.2009**

1. Midsund kommune sel Gnr 59 Bnr 45, Bannstad på ca 1600 m2 til Ole Rakvåg til ein pris på kr. 19.200,-.
2. Midsund kommune vil slette den tinglyste hefte på eigedomen før evt. sal
3. Rådmannen får fullmakt til å effektuere salet.

**Saksutgreiing:**

Ole Rakvåg har søkt den 12.08.08 om kjøp av ei tomt på ca 1600 m<sup>2</sup> i Jutulskaret på Gnr 59 Bnr 45, Bannstad.

Tomta kjøpte Midsund kommune i 1969. Tanken var å sette opp garasje for brannvesenet. Seinare blei brannstasjonen bygd på ei tomt nærare Jutulskaret.

I 1984 bygde Ole Rakvåg ein dobbelgarasje på 59/45 med avtale ( jfr. F sak 102/84 av 03.09.84) med Midsund kommune med tinglyst bruksrett på om lag 80 m<sup>2</sup> av kommunens eigedom Gnr 59 Bnr 45, Bannstad, kontant eingangssaum på kr. 400.

No skal Ole Rakvåg selje sin noverande bustad på 59/35 og ønskjer å ordne opp i avtalen med Midsund kommune på Gnr 59 Bnr 45, Bannstad.

I utgangspunktet var ønsket å kjøpe eit areal på ca. 150 m<sup>2</sup>.

**Vurdering:**

I fellesskap med Ole Rakvåg ser ein at det blir enklast å selje heile tomta grunna oppmålingskostnadane ved deling av tomta). Pristilbod på tomta 59/45 er kr. 19.200,- med ein pris på 12 kr/m<sup>2</sup>. Priser er den ein kjøpar må rekne med å betale for ei råtomt på denne staden.

I brev av 04.01.09 frå Ole Rakvåg synest han at prisen er for høg og ber om at saka blir behandla politisk.

Tomta treg ikkje målast opp før sal sidan det er kjøp av heile eigdommen.

Konklusjon

Midsund kommune sel Gnr 59 Bnr 45, Bannstad på ca. 1600 m<sup>2</sup> til Ole Rakvåg til ein pris på kr. 19.200,-.

Midsund kommune vil slette den tinglyste hefte på eigedomen før evt. sal.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Kontoen for sal av tomter aukar med evt. inngått salskontrakt.

Geir J. Göncz  
rådmann

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

**Vedlegg (prenta):** Kart over området

**Vedlegg (uprenta):** Div korrpondanse og F sak 102/84

**Særutskrift går til:** Ole Rakvåg, her og Teknisk



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/61-1  
Arkiv: 082  
Saksbeh: Geir J. Göncz  
Dato: 27.01.2009

**Saksframlegg**

**Fastsetting godtgjersle ordfører**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/7	Formannskapet	10.02.2009
09/9	Kommunestyret	19.02.2009

**Forslag til vedtak:**

1. Ordførarens godtgjersle settes til 7.66 G.
2. Regulering av godtgjersle til ordfører skal skje årleg 1.mai, i samband med regulering av grunnbeløpet i folketrygda

**Behandling i Formannskapet - 10.02.2009**

**Votering:**

Ordfører Helge Orten (H) gjekk frå møtet under behandling av saka.

Varaordfører Magne Reiten (SP) leia møtet.  
4 voterande

Formannskapet fremma følgjande fellesforslag:

1. *Ordførarens godtgjersle settes til 8 G.*

Fellesforslaget frå formannskapet blei samrøystes vedteke.

## Vedtak i Formannskapet - 10.02.2009

1. Ordførarens godtgjersle settes til 8 G.
2. Regulering av godtgjersle til ordførar skal skje årleg 1. mai, i samband med regulering av grunnbeløpet i folketrygda.

### Saksutgreiing:

Det vises til sak 08/101, Budsjett 2009 og økonomiplan 2009-2012, den 18.12.08 der kommunestyret vedtok:

*”Godtgjersle til ordførar vert uendra frå 2008 til 2009. Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak i løpet av første halvår 2009 om regulering av godtgjersle til ordførar knytt til grunnbeløpet i folketrygda eller tilsvarande system”.*

Det er stort sett tre måtar å regulere ordføraren si godtgjersle på:

1. knytt til grunnbeløpet i folketrygda
2. knytt til del av stortingspolitikarane si godtgjersle
3. knytt til rådmannen si løn

Ser ein på kommunane i til dømes Romsdal, er ordføraren si godtgjersle i stort sett knytt til grunnbeløpet i folketrygda. I Gjemnes og Nesset er godtgjersla 8.2 G, i Fræna, Vestnes og Rauma 9 G. I Aukra er godtgjersla kobla til rådmannen si løn.

I Midsund er ordførarens løn pr. 1.1.09 kr 538.000,-. 1 G er pr.1.1.09: kr 70.256. Omregna i forhold til grunnbeløpet i folketrygda, tilsvarer dette 7.66 G.

Stortingsrepresentantane si godtgjersle er pr 1.10.08: kr. 694.500,-. Omregna i forhold til stortingsrepresentantane si godtgjersle tilsvarer dette 76%.

### Vurdering:

Kommunens Sentralforbund tilrår ikkje at ordføraren si godtgjersle vert knytt til rådmannen si løn. Dei viser til at berekningar av godtgjersle knytt til folketrygda sitt grunnbeløp vert regulert automatisk kvart år. Kommunesektoren sitt etikuttval råder kommunestyra til å fastsetje ordningar som er relatert til eksterne og uavhengige vurderingar.

Geir J. Göncz  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2009/8-2  
Arkiv: 033  
Saksbeh: Gunn Hole  
Dato: 29.01.2009

**Saksframlegg**

**Fritak frå vervet som meddomar i lagmannsretten - Janne Merete Blø Risvik**

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/2	Valnemnda	10.02.2009
09/10	Kommunestyret	19.02.2009

**Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

**Behandling i Valnemnda - 10.02.2009**

*Det vart fremma forslag om at Ann Elin Høgset blir valgt til meddommar i lagmannsretten istaden for Janne Merete Blø Risvik i perioden 1.05.2008 – 01.01.2013.*

Forslaget vart samrøystes vedteke.  
5 voterande

**Vedtak i Valnemnda - 10.02.2009**

Ann Elin Høgset blir valgt til meddommar i lagmannsretten istaden for Janne Merete Blø Risvik i perioden 1.05.2008 – 01.01.2013.

**Saksutgreiing:**

Janne Merete Blø Risvik har i brev av 5.01.09 søkt om fritak frå vervet som meddomar i lagmannsretten.

**Vurdering:**

Kommunelova § 15 nr. 2 seier at valbar kan etter søknad fritas, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioda, den som ikkje utan uforholdsmessige vanskar eller belastning kan skjøtte si plikt i vervet.

Meddomarar er valt for perioden 1.05.2008 – 01.01.2013

Geir J. Gôncz  
rådmann

Gunn Hole  
sekretær

**Vedlegg (prenta):** Søknad datert 5.01.09

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til: Janne Merete Blø Risvik**



**Midsund kommune**  
Midsund sjukeheim

Arkivsak: 2009/39-1

Arkiv:

Saksbeh: Unn Stølen Ugelvik

Dato: 19.01.2009

## Saksframlegg

### Eigenbetaling for korttidsplass, dag-eller nattopphald samt langtidsplass ved institusjonen- 2009

Utvalsak	Utval	Møtedato
09/3	Eldrerådet	09.02.2009
09/9	Formannskapet	10.02.2009
09/11	Kommunestyret	19.02.2009

#### Forslag til vedtak:

Midsund kommune vedtek følgjande satsar for opphald i institusjon for 2009.

1. For døgnopphald under 60 dagar kr.121.-
2. For døgnopphald utover 60 dagar legg ein til grunn satsane for vederlag for langtidsplass i institusjon.
3. Dag – eller nattopphald kr.61.-

#### Behandling i Eldrerådet - 09.02.2009

Midsund kommune vedtek følgjande satsar for opphald i institusjon for 2009.

1. For døgnopphald under 60 dagar kr.121.-
2. For døgnopphald utover 60 dagar legg ein til grunn satsane for vederlag for langtidsplass i institusjon.
3. Dag – eller nattopphald kr.61.-

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak i Eldrerådet - 09.02.2009

Midsund kommune vedtek følgjande satsar for opphald i institusjon for 2009.

1. For døgnopphald under 60 dagar kr.121.-
2. For døgnopphald utover 60 dagar legg ein til grunn satsane for vederlag for langtids plass i institusjon.
3. Dag – eller nattopphald kr.61.-

### **Behandling i Formannskapet - 10.02.2009**

Samrøystes som forslag til vedtak.

### **Vedtak i Formannskapet - 10.02.2009**

Midsund kommune vedtek følgjande satsar for opphald i institusjon for 2009.

1. For døgnopphald under 60 dagar kr 121,-.
2. For døgnopphald utover 60 dagar legg ein til grunn satsane for vederlag for langtids plass i institusjon.
3. Dag- eller nattopphald kr 61,-.

### **Saksutgreiing:**

Kommunen har høve til å krevje vederlag for opphald i institusjon. Dette gjeld både korttids plass, dagplass og langtids plass. Satsane blir fastsett sentralt i eiga forskrift/rundskriv.

K - styret vedtok 18.12.08. nye satsar for vederlag i institusjon for 2009. Den 01.01.2009 kom nytt Rundskriv frå Det kongelige helse- og omsorgsdepartement, der det blir gitt høve til å endre vederlaget frå kr. 118.- til kr. 121.- pr. døgn. For dag- og nattopphald frå kr. 59 .- kr 61 .- pr dag/natt. Fribeløpet før berekning av vederlag er sett til kr. 6200.-

### **Vurdering:**

Med bakgrunn i kommunen sin økonomi bør satsane justerast opp på det nivået forskrifta tillet.

### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

For dag- og nattopphald vil dette på årsbasis gje om lag kr.3000.- i meirinntekt. På korttidsplass er det vanskeleg å stipulere inntektsauken. Det er avhengig av kor mange plassar vi til ei kvar tid disponerar til dette føremålet. Ei auke på kr. 3.- i døgnet vil gje meirinntekt på kr. 1095 .- på årsbasis.

Geir Gøncz  
Rådmann

Unn Stølen Ugelvik  
einingsleiar Midsund sjukeheim

**Vedlegg (prenta):**

Rundskriv I – 1/2009

**Vedlegg (uprenta):**

Eigenbetaling for korttidsplass og dag- nattopphald i institusjon vedteke av K- styret 18.12.08

**Særutskrift går til:**

Midsund sjukeheim  
Økonomiavdelinga  
Eva Tangen – pleie- og omsorg.